



All ære til fylkeskultursjef Anna Elisa Tryti for opningstala, men det var dei 9 unge musikantane i Brazzooka som bokstaveleg tala bles i gang mat- og kunstfestivalen i Rosendal i føremiddag.



Brazzooka opna festivalen med fynd og klem. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Og som dei bles!

Bandet med eit aldersspenn frå 12 til 20 år har ikkje spela saman lenger enn sidan like før jul, men dei 3 uskedelingane, 4 rosendelingane og 2 stordabuarane har allereie nådd eit imponerende nivå. Og det gjeld ikkje berre det musikalske, men også engasjementet. Det er som det sprutar speglede av dei 8 gutane og den eine jenta. - Dei gjer også oss glade, var ein kommentar vi høyrde i dag frå publikumsskaren.

Då leiar Sebastian Torjusen vart spurt av den dyktige konferansier Per Olav Alvestad om kvifor Brazzooka vartstarta, var svaret at dei ville prøva noko nytt. Og det nye er ein svært vellykka miks av alt mogeleg, men som bandet sjølv kallar 'opprørsjazz'. Under den vel 20 minuttar lange opningskonserten svinga det skikkeleg av dei fleste numra, men for vår del likte vi best 'Jumpin The Buck'.

I ettermiddag kjem Brazzooka att og spelar til dei sprelske påfunna til Flaks sjonglering og det er all grunn til å gleda seg.

- Det spanande med dette festivalkonseptet er koblinga av mat og kunst, sa fylkeskultursjefen. Og når det gjeld maten er naturleg nok Friheim Gardsmat frå Uskedalen på plass. Den lengstreisande produsenten har henta produkta sine i skogområda på Finnskogen.

Av Ola Matti Mathisen!



Friheim Gardsmat er på plass i Rosendal. (Foto: Ola Matti Mathisen)